

L A U V N E S V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 22 juli 1971.

Vatnet ligg i Gjesdal kommune, nord-vest for Råssavatnet og 482 m.o.h.

Arealet er omlag 13 ha.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er stort sett eit grunt vatn og har neppe nokon stad djupne over 10-12 m.

Stranda består for det meste av stein, der grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet.

Gjørmebotn dominerer på djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Vegetasjonen i vatnet og nedslagsfeltet er stort sett den same som for Råssavatnet.

Det største tilsiget kjem frå ei tjern i sør, men nokre mindre bekketilsig fell inn ymse stader.

Avlaupet renn ut i aust og går til Tåsavatnet som ligg ca. 250 m lenger nede.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 8.0 m og fargen på vatnet grønnlig-blå som indikerar eit oligotrof eller næringsfattig vatn.

Surheita pH er målt til 5.0, som ein til sine tider må rekna med er for surt for yngel og småfisk.

Innhaldet av kalk (CaO) er 0.3 mg/l og den totale hardheita 1.6 mg/l. Vatnet må såleis karakteriserast som mykkje kalkfattig og pH utsett for store svingningar gjennom året.

Leiingsemna $K_{18} = 22.8 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$.

Gjennomstrøyminga er normalt liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 5.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

på 2.0 m vart det funne 1 vann,nymfesarve og 2 fjærmygglarver - i alt 30 individ pr. m^2 .

5.0 meteren gav som resultat 3 fjærmygglarver og 1 mudderfluge-larve - tilsaman 40 individ pr. m^2 .

Samla resultat syner etter dette at der er særslite med botndyr i vatnet.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foretaken, tok ein mageprøver av 4 fiskar og her vart det funne vannkalvlarver, plankton, fjærmygg-pupper, vårflugelarver og steinfluger.

Planktonprøver.

Det vart teke eit horisontalt plankontrekk og resultatet var

Fisk m.v.

Auren er einerådande i vatnet.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 5 aurar.

2 fiskar vart fanga på garn av omf. 18		
1	-"-	14
1	-"-	24
1	-"-	32

Ein tok prøver av desse fiskane og alle var røde i kjøttet.

Der var 3 hanfiskar og 2 hofiskar.

Ingen av fiskane var angripne av parasittar.

Ser vi på medeltilveksten og den årlege lengdetilveksten for prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor:


	Alder ved vinter						
	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år
Medel lengdetilvekst i cm	4.4	9.8	15.1	22.1	27.6	32.9	36.6
Årleg lengdetilvekst i cm	4.4	5.4	5.3	7.0	5.5	5.3	3.7
Antall fiskar		5	5	5	5	5	3

Medel kondisjonsfaktor = 1.12 tilseier fisk av mykje god kvalitet.

På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for fisken i Lauvnesvatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5 cm pr. år).

Som vi her vil sjå, syner fisken i Lauvnesvatnet ein god lengdetilvekst og sjølv ved 7 års alder er ikkje normalkurven kryssa.

Fisken går mot ei maksimallengd på ca. 40 cm og det er mykje bra.



Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som næringsfattig og surt.

Dei harde bergartene i nedslagsfeltet og den mindre kravfulle vegetasjonen ein der vil finna, skulle tilseie det same.

Fisken vil vanskeleg kunna formere seg i Lauvnesvatnet då ein må rekne med at pH til visse tider av året er under den kritiske grensa som yngel og småfisk vil tåle.

Dei fiskane vi fekk var av mykje god kvalitet, men alt tyder på at der er eit minimalt fiskebestand i vatnet i dag og at der ikkje er småfisk i det heile teke.

Gytetilhøva er særslig dårlige.

Praktiske tiltak.

Slik tilhøva er i Lauvnesvatnet i dag, så kan det sjå ut som om næringsforrådet ikkje er fullt utnytta og at vatnet vil tåle eit litt større fiskebestand, utan at dette ville gå utover kvaliteten.

Fisken vil ikkje kunna formere seg, men vi vil tilrå at der blir sett ut ca. 30 aurar pr. år i dei nærmaste åra framover. Settefisk av 10-15 cm storleik skulle etter alt å døma kunna finna seg til rette. Best var det om ein kunne få tak i settefisk frå overbefolka vatn i nærleiken då desse vil tåle det sure vatnet best.

Elles er der ikkje så mykje ein kan gjera med slike vatn. Kalking og gjødsling ville sjølv sagt kunna gi positive utslag, men vi er redde for at det vil bli for kostbart og verknaden for kortvareg.

Det beste vil då vera å drive garnfiske med stormaska garn om hausten (omf. 14-18) slik at ein kan nyttiggjera seg dei større fiskane og la den mindre fisken gå inntil den kjem opp i denne storleiken. Det er som regel lite av småfisk som blir fanga på såpass stormaska garn som her er nemnt.

Etter 4-5 år bør der takast ein ny analyse for å sjå om tilhøva har endra seg.

Stavanger 12/1 1972

Einar Berg